



Gol kommune

Møtoreferat

Referatdato:

04.03.2020

Møtedato:**Referanse:**

20/00197-6

Mottakarar:

Hege Mørk/Rådmannen; Heidi Granli/Ordføraren; Svein Eide/Samfunn og utvikling

Referent:

Jørn Magne Forland

Kopi:

Referat frå klima - og miljørådet mars 2020

Tid og stad:

02.03.2020 kl 1200-1400, Gol kommunehus, møterom 345/246.

Tilstades:

Heidi Granli, Svein Eide, Jørn Magne Forland (faste medlem i rådet)

Leif Ove Sataslåtten (Dagleg leiar for Hallingdal Renovasjon), Audun Grynning og Øystein Velure (Dagleg leiar og nettsjef i Hallingdal kraftnett)

Fråfall:

Hege Mørk

Punkt	Beskrivelse	Ansvarleg	Frist
1	Korleis er satsinga på kjeldesortering frå hytter (fritid) v/ Leif Ove Sataslåtten Innan 2025 skal 55 % av alt hushaldningsavfall verte kjeldesortert. For å nå dette målet må også avfall frå fritid verte omfatta av kjeldesorteringsordninga som private bustader har: Glass/metall, papp/papir, plast og mat (ny f.o.m. 2023). Abonnentar som har bringeordning skal verte redusert og gå over til henteordning. I Gol er det ca. 300 abonnentar som har	Hallingdal Renovasjon	Ulike fristar, men sortering av matavfall og full hytterrenovasjon med kjeldesortering skal vere i

	<p>bringeordning. I Hallingdal er det i dag 174 returpunkt, og dette talet skal ned. Det skal verte færre men større returpunkt med moglegheit for kjeldesortering av 5 fraksjonar. Nye punkt må verte omfatta av planprosess.</p> <p>Elles ligg det fast nasjonalt krav om utsortering av 70 % plast og matavfall innan 2035 (55 % innan 2025, og 60 % innan 2030). Innan 2035 skal 65 % av alt hushaldningsavfall verte kjeldesortert og det skal gå til materialgjenvinning, biogass/gjødsel og nye plastprodukt.</p> <p>Det skal verte gjennomført plukkanalyser og ein skal kunne dokumentere kunnskap til dei ulike mengdene av avfall. Dei nye krava vil leie til økte kostnadar til informasjon, innsamling og behandling av avfall.</p> <p>Det skal verte gjennomførast måling av resultat i 2025, 2030 og 2035.</p> <p>I HR sitt strategidokument 2019 -2023 ligg planane om etablering av framtidig hytterenasjon med full kjeldesortering. Returpunkta skal fortrinnsvis verte utforma med molok-løysing eller med bunntømming. Det vil vere små luker på konteinarane for restavfall, for slik å sikre at det som vert kasta ikkje er feile avfallstyper. HR vil betre kvalitet på dette avfallet som går til forbrenning.</p> <p>Det vil vere utfordringar knytt til misbruk, parkering/trafikkflyt og tilgang på returpunkt/ avstand til desse. Når det gjeld misbruk kan kameraovervaking vere eit avbøtande tiltak.</p> <p>Forprosjekt biogassanlegg v/ Leif Ove Sataslåtten Hallingdal Renovasjon har fått midlar over klimasatsordninga (2019) til å ugreie moglegheita til å produsere biogass frå matavfall, slam og husdyrgjødsel. Norconsult har ansvaret for å lage rapport med frist for levering 1. april. Det vert sett på ulike typar anlegg. Vidare er råstofftilgangen viktig og mengda husdyrgjødsel vert dimensjonerande. Avsetning av bioresten vil kunne vere ei utfordring, ref. gjødselvareforskrifta. Eit spørsmål er også om framtida</p>	<p>Hallingdal renovasjon</p>	<p>gang seinast 01.01.2023</p> <p>1.april 2020</p>
--	--	------------------------------	--

	<p>til biogass vil vere trygg?</p> <p>Revidering av avfallsplan for Hallingdal og Krødsherad v/ Leif Ove Sataslåtten Revideringsarbeidet er ikkje påbyrja. Det har kome ein del innspel, spesielt til forskrift. Strategidokumentet 2019 – 2023 kan vere eit grunnlag for ny avfallsplan</p>	Hallingdal renovasjon	Løpande
2	<p>Grunnlag for større ladepark for el-bilar på Gol v/ Hallingdal kraftnett Bakgrunnen for dette temaet og invitasjonen til Hallingdal kraftnett er initiativ frå Kjetil Kjernsmo kva gjelder forslag om etablering av større ladepark for el-bilar på Gol, gitt kommunens sentrale plassering og påstand om godt utgangspunkt kva gjeld nærleik til kraft (Hemsil 2).</p> <p>Hallingdal Kraftnett peikte fyrst på at ladekapasiteten i Gol så langt er god og i takt med etterspørsel. Det er 7 stader med hurtiglading i kommunen, og ein ny stad er på gang (v/ UNO X). Den siste ladestasjonsplassen til Tesla nede ved Burger King vil omfatte 25 plassar, og fleire av desse vil vere av dei raskaste hurtigladarane som er kommersielt tilgjengeleg i dag.</p> <p>Hallingdal kraftnett peikte elles på at dei ikkje har noko motføresegner dersom ein eller fleire kommersiell aktørar vil etablere ein større ladepark for el-bilar i kommunen. Dei har leveringsplikt og reint kapasitetsmessig og teknisk vil det ikkje vere noko problem. Det vil derimot vere ein relativ stor kostnad med dette og ein ladepark vil krevje areal. Eit anna spørsmål er om det er dette samfunnet ynskjer? Bør det heller komme ei satsing på fleire små ladepunkt langs veg i staden for få og store?</p> <p>Førebels er det (inntil ei viss grense) ikkje effektprising på straum frå mindre ladepunkt/ladestasjonar.</p> <p>Hallingdal kraftnett meinte elles at det er svært små sjansar for at Statnett vil tillate tilknytning direkte mot sentralnettet, spesielt så lenge det er kapasitet i regional/ distribusjonsnettet. Hallingdal kraftnett har p.t god kapasitet og har muligheit til å auke kapasiteten i takt med forventa utvikling.</p>		

	Hallingdal Kraftnett deltek elles i eit prosjekt i regi av TØI (TransportØkonomisk Institutt) der ein analyserar muligheiter for elektrifisering av transportsektoren og vil m.a. gjennom dette prosjektet følgja tett på utviklinga innafør fagfeltet.		
3	Nasjonale tall for klimagassutslepp for 2018 v/ Jørn Magne Forland Denne statistikken er ikkje levert til kommunane enda og vil difor verte presentert i neste klimarådsmøte.	Jørn Magne Forland	

Gol, 04.03.20

Jørn Magne Forland
miljøvernrådsgjevar